



ÅRSMELDING

SYRIL FOTBALL 2018



INNHALD:

Årsmelding frå styret 2018	3
Fair Play 2018	9
Dommarar	10
Miniputt	11
Jenter 9 og 10 (fødd 2009 og 2008)	11
Lag: Jente 11 (fødd 2007)	12
Lag: Jente 12 (fødd 2006)	13
Lag: J-13-14, småjentelaget	15
Lag: Syril J15-17	16
Lag: Gutar 9 (Fødd 2009)	18
Lag: Gutar 10 (Fødd 2008)	19
Lag: Gutar 11	20
Lag: Miniputt G12 (7'ar lag)	22
Smågutter G04/05 9er	24
Smågutter G04/05 11er	25
Lag: Gutelaget G15-17	26
Årsmelding 5.divisjon herrer	28
Senior damer 4.divisjon	29
Forslag til budsjett 2019	33

Årsmelding frå styret 2018

Organisasjon

Styret fotballgruppa 2018	
Leiar	Magna F Vangsnes
Nestleiar, kontakt aldersbestemt	Kjetil Berg
Økonomiansvarleg	Torill Skårhaug
Kontakt miniputt	Frode Danielsen
Kontakt senior	Erlend Husabø
Sportsleg leiar	Steinar Røysum
Anlegg	Terje Solberg Verlo
Utstyr	Elin Falkgjerdet
Arrangement	Linda Fossberg
Valnemnd	Kitty Krosshaug, Siw Heidi Backstrøm, Trude Risnes
Andre grupper/kontaktar	
Dommarkontakt	Marianne Husabø
Fair-play kontakt	Kenneth Lomås
Miniputt	Frode Danielsen (leiar), Linda Fossberg, Birte Andersen, Anja Hamre, Mari Buene
Kiosk	Linda Fossberg, Gerd Ingrid Strong, Wenche Mary Strong
Jentergruppa	Trude Risnes, Mette Stokkenes, Frode Danielsen, Kenneth Lomås

1

Styret og valnemnda er valde av årsmøte.

Organisasjonen har fungert godt. Det er 279 aktive spelarar og 459 medlemmar i Syril er registrerte i fotballgruppa. Over 100 personar bidreg som trenarar, lagleiarar, dommarar og i ulike arbeidsgrupper/nemnder.

Styret i Syril Fotball har hatt 10 styremøter, og handsama tradisjonelle styresaker.

¹ Oversikt over alle med verv i fotballgruppa i vedlegg bak i årsmeldinga.

Styremedlemmene har og vore med å organisere Tine Fotballskule, Fotballsøndag, div.dugnadar, delta på lagleiar/trenar/spelarmøte, dugnad baneanlegg og kiosk samt materiellet til fotballgruppa. Styremedlemmane har delteke på diverse møter i kretsen. Fair play rapport for 2018 er levert til kretsen.

Aktivitet

Lag i seriespelet:

Påmelde lag sesongen 2018:

1 senior dame 7år	1 seniorlag herre 5. divisjon
1 J15/17 11-ar (9'ar i haustsessongen)	1 G15/17 11år
1 J13/14 9år	2 G13/14 9-ar og 11-ar
1 J12 9-ar 1 J11 7-ar 2 J10 5-ar	1 G12 7-ar 1 G11 7-ar 2 G10 5-ar 1 G9 5-ar
Miniputtlag 20 lag	
Totalt 36	

Syrl har stor deltaking av lag på aldersbestemt nivå i høve tal på innbyggjarar, og vi er nøgde med at vi har lag i alle årstrinn, både gutar og jenter. Vi deltok med 15 lag i serien og ca. 20 miniputtlag (for miniputtane vert seriekampane avvikla i form av kongleriketturneringar).

Laga våre har spelt 206 seriekampar i 2018. Det er dermed avvikla vel 100 seriekampar på baneanlegga våre denne sesongen, i tillegg til turneringar og treningskampar. Senior herre sitt opprykk til 4. divisjon (Kretsligaen) er årets største sportslege bragd.

I årsrapportane til dei enkelte laga som ligg etter styret sin årsrapport er det meir om laga sin aktivitet gjennom året.

Andre aktivitetar:

Følgjande aktivitetar vart gjennomførde i 2018:

Turnering for miniputt «Kongleriket»

For dei yngste årsklassane (6-10 år) vert kampane avvikla på 4 Kongleriketturneringar i Sogn, der Syril er ein av arrangørane. På turneringa til Syril den 10. juni deltok 79 lag frå klubbane Sogndal, Bjørn, Luster, Norane i tillegg til Syril. I overkant av 450 spelarar var i aksjon, dei fleste med fylgje av familie i tillegg. Truleg eit av dei største arrangementa i bygda i år.

Aktivitetsdag for jenter

Arrangement vart avlyst p.g.a. lite påmelding/uheldig dato.

TINE fotballskole

Syrl Fotball arrangerte Tine fotballskole for 8 til 12 åringar 13-16. august. I år deltok 51 stk., fordelt på 35 gutar og 16 jenter. Deltakinga var noko lågare enn tidligare år, truleg pga. stort kull som gjekk ut – færre jenter som deltok.

Fotballskulen vart lagt til siste veka av skulane sin sommarferie som tidlegare. Planlegging og gjennomføring av fotballskulen byggjer på tidlegare opplegg som fungerer bra. Nytt for 2018 var at ein

hadde ei keeperøkt på 1 1/2 time 3 av dagane.
Arrangementet vart avslutta med grilling og fotballkampar torsdagen.

Det var totalt 21 instruktørar som bidrog desse dagane i tillegg bidrog styret med arbeidet i forkant og som ansvarlege på dei enkelte dagane. Det er positivt at så mange ungdommer vil vera instruktører og få prøve seg litt i ei "trenarrolle".

Fotball Søndag

Søndag 3. juni inviterte Syril fotball til fotballsøndag, med fokus på å auke kvaliteten på ramma rundt arrangement i aldersbestemt fotball. Det kan vere med på å styrke klubben som møteplass i bygda, der klubben kan stå fram som den viktige samfunnsaktøren den er. Svært mange tok turen og fekk sjå underhaldande aldersbestemt fotball på Syril stadion med 4 seriekampar der vel 100 ungdommar/seniorar var i sving. I tillegg til seriekampane spelte ca. 50 miniputtar miniturnering 3v3 på 3'ar. Med underhaldning av speaker, musikk, kiosk og varm mat gjennom heile dagen vart det ein flott dag. Arrangementet samlar mange på bana samstundes og gir godte kioskinntekter. Vi ynskjer å halde fram med arrangementet.

- 11.00 Syril – Sogndal (J12)
- 12.20 Syril – Sogndal 2 (J13/14)
- 13.45 Syril – Dale (G13/14)
- 15.15 Syril – Førde 2 (Senior herre)

Futsalturnering for 10-14 år i Saften

Vi arrangerte futsalturnering 14.januar med der 24 lag deltok.

Deltaking på KM Futsal

Vi deltok på KM Futsal - Innleiande runde vart spelt i Gaupne. J13, J14 og G14 vidare til sluttspilet i Sandane

Deltaking på turneringar

Dei einskilde laga sine årsrapportar informerer om deltaking i turneringar. I år var det m.a. deltaking på Norway Cup, Ål Cup, Voss Cup, Jentefotballens - og Gutefotballens-dag på Kaupanger og Eat Move & Sleep Cup i Sogndal. Som tidligare, dekkja Syril påmeldingsavgift og reisekostnader for 14-åringane som deltok på Norway Cup. Styret ynskjer å legge til rette for at 15-17 åringane deltek på turneringar og gav reisetilskot på kr. 5000,- til jentelaget som reiste på Norway cup.

Styret meiner at deltaking i ulike arrangement er viktig og at laga bør fortsette med å delta i cupar og turneringar. Dette fremmar trivsel og samhandlinga i dei einskilde laga samt at det er eit tiltak/mål laga kan arbeida fram mot og som skaper ekstra engasjement.

Fotballavslutning for støtteapparat og senior

For første gong på fleire år arrangerte styret fotballavslutning for trenarar, lagleiarar, dommarar, seniorspelarar med fleire. Den vart helde på Villmarka 16.november med ca. 80 deltakarar.

Trenarar og lagleiarar

For aldersbestemt og miniputt var dei fleste trenarar og lagleiarar på plass til sesongen starta. Det er eit stort apparat der foreldra spelar ein viktig rolle.

Sportsleg leiar/ansvarleg for aldersbestemt arrangerte oppstartsmøte i april, evalueringsmøte undervegs i juni og etter sesongen i slutten av oktober. Dei har og prioritert å delteke på foreldremøta på våren, m.a. med fokus på gjennomgang av relevante deler av sportsplan.

Møta er ein viktig arena for å formidle informasjon, utvikle klubbkultur og diskutere aktuelle problemstillingar. Sportsleg leiar eller kontakt aldersbestemt har i tillegg delteke på møter med dei ulike lag etter forespørsel. I tillegg har det vore møte med sportsleg utval.

Andre sportslege tiltak i eigen klubb:

Løpetrening

Det vart gjennomført 2 løpetreningsøktar med Robin Wathe Nedrehagen, med fokus på effektiv løpeteknikk.

Tiltakstrening

Etter kampsesongen i haust vart det gjennomført treningar på tvers av alder og kjønn for våre tiltaksspelarar eller andre som ligg tett oppunder, 15 -20 stk kvar trening. Det var i hovudsak lokale trenarar som var ansvarleg for treningane, men også eksterne. Dette er tiltak som ein vil fortsette med i 2019 i hovudsak utanom kampsesongen.

Trenarar

Vart gjennomført trenarforum i april med Marius Lenni Bøe, ei teoretisk økt på 1 time deretter ei praktisk treningsøkt med småguttelaget ute på bana.

Det vart gjennomført Grasrottenarkurs- Del 1, 9 stk gjennomførte kurset. Vil prøve å få gjennomført Grasrottenarkurs-Del 2 i mars/april 2019 i samarbeid med andre klubber. Det er også viktig at nye trenarar som kjem inn som trenarar på miniputt tar Grasrottenarkurset -DEL 1. Vi vil oppfordra alle våre trenarar til å gjennomføra Grasrottenarkurset. Trenarutdanning er eit svært viktig tiltak som Syril som klubb vil prioritera framover. I tillegg ønskjer ein å få ein trenarveileder i klubben, her vert det køyrt eigne kurs i regi av NFF. Ein trenarveileder vil vera ein god støtte for alle våre trenarar.

Kvalitetsklubb

Fotballgruppa jobbar med å bli sertifisert som Kvalitetsklubb. Målet er å utvikle fotballgruppa slik at ein jobbar målretta og har gode rutinar i høve aktivitet, organisasjon, kompetanse og verdier. Dette skal gi grunnlag for god drift, at det er attraktivt å ha verv og at kvaliteten på fotballaktiviteten vert god for alle. Vi håpar å ferdigstille søknaden i 2019. Sportsplan og rollebeskrivelsar er på plass, medan det i 2019 m.a. må jobbast meir med klubbhandbok, rekrutteringsplan og kompetanseheving.

Dugnader

- Skogrydding ved grasbana
- Avvikling av arrangement som futsalturnering, fotballsøndag og Kongleriketturnering
- TINE Fotballskule
- Vask og rydding av kiosk
- Dugnad på kunstgrasbana
- Køyring av blomster før jul
- Adventskalendar (i lag med Håndballgruppa)
- Kjeringi Open - vakter på 3. og 4. etappe

Drifta av laget er basert på dugnadsinnsats i alle ledd, stor takk til alle som bidreg til fellesskapet på ein eller anna måte. Det er ei målsetting at treningsavgiftene ikkje vert heva og dugnadsarbeid er viktig for å unngå det.

Informasjon

- www.syril.no.
- Mykje informasjon vert lagt ut på syril sine nettsider og facebook- side. Send e-post til nett@syril.no så vert info lagt ut.
- I tillegg kan informasjon leggst ut på Syril si Facebook side.

Anlegg

Kunstgrasbana/stadion er eit viktig sosialt samlingspunkt i bygda. I tillegg blir kunstgraset ved ungdomsskulen mykje brukt til 5'ar kampar og trening for miniputtane om våren før grasbana er klar. Før grasbana kan takast i bruk for trening om våren er det til liten plass. På og ved kunstgrasbana er det gode tilhøve.

Det har ikkje vore vintervedlikehald på kunstgrasbana, og bana kunne takast i bruk i mars 2018. Det vart leigd nokre få timar treningstid i Sognahallen i februar. Hausten 2018 var det gode tilhøve på bana fram til jul.

Leige av Leikangerhallen har fungert, men det er ikkje nok treningstid til at alle fotballag i veka gjennom på vinteren. Prioritert timar inn mot innandørs KM. Ynskjer meir tid i hallen, men dette er vanskeleg å få til. Mange lag nyttar ungdomsskulen på vinterstid.

Status:

- Granfeltet nedanfor grasbana er rydda i samarbeid med Syril Friidrett.
- Kunstgrasbana har gjennomgått vanleg rensing, og nokre mindre reparasjonar av teppet.
- Kjøpt 3 stk. mobil tre'ar baner
- Grasbana har ytterlegare fått eit år utan stor slitasje. Har vore brukt til trening og turnering i 2018
- Tribuneanlegg ved grasbana er i akseptabel stand, men området rundt grasbana treng oppgradering.
- Garderobeanlegget i skulebygget, fungerer godt og laga er flinke å rydde opp etter seg.
- Ungdomsskulen vert brukt til trening for miniputtar om våren, og avvikling av 5-kampane. I vinterhalvåret har vi nytta gymsalen ein del.
-

Djuprensing og reparasjon av kunstgrasbana vart i år utført av **“Anders Søreide Installasjon og Transport”**, i samarbeid med Leikanger kommune, som syter for vedlikehaldet av kunstgraset på ungdomsskulen.

Hovudstyret og Leikanger kommune avtalte i 2017 å formalisere avtalane vi har med kommunen slik at dette er oversiktleg når vi vert ny storkommune. Dette er ikkje slutført.

Det er utarbeidd planar for oppgradering av friidrettsstadion og grasbana. Det er førebels ikkje teke avgjerd om arbeidet vert sett i gang i 2019. Etter utbygging vert det maksimalt plass til 9'ar bane på graset.

Granulat:

Det er mykje fokus på mikroplast, og granulatet me nyttar på kunstgrasbaner.

Me har svært lite svinn av granulat på kunstgrasbana (ca ¼ av baner med vinterdrift).

Bana er opparbeida med overhøgde, der vatnet renn ut i spor i paddingen under grasteppet. Granulaten slepp ikkje gjennom dette teppet.

Når me måkar snø på bana, lagrar me kun snø på vestsida, her har me kummar med bunnfall, som tek imot granulatet. På austsida kan me ikkje lagre snø i sikkerheitssona.

På austsida kjem vatnet ut av åpne dreneringsrør. Desse ligg oppe i dagen, og gir oss mulighet til å sjekke at avrenningane er fri for granulat. Her har det aldri blitt oppdaga granulat. I 2019 kjem me i tillegg til å montere filter på kummane, dette kjem i tillegg til bunnfallet. Dette er tiltak som blir utført på alle anlegg. Ellers er det kosting av sikkerheitssone eit viktig tiltak mot spreiding av granulat.

Utstyr

Ballrommet ved barneskulen fungerer godt. Kvart lag har sitt eige utstyr som ballar, vestar, kjegler, drakter og medisinsutstyr innelåst i kvart sitt «bur» inne i ballrommet.

Alle lag får utlevert utstyr ved sesongstart og dei set det på plass igjen etter sesongslutt.

Gjennom sesongen blir det supplert etter behov.

Alt av utstyr blir kjøpt inn på Røysum Sport1. Røysum Sport1 sponsar Syril fotball med drakter.

Rekneskap 2018

Fotballgruppa hadde eit budsjett som tilsa eit underskot på kr 50.000,- i 2018. Dette fordi betaling for 3-ar bane som skulle vore belasta i 2017 vart betalt i 2018.

Samla sett viser rekneskapet pr. desember eit underskot på kr 30.000,-, dvs. eit mindreforbruk på kr 20.000,- samanlikna med budsjett.

Fotballgruppa har hatt større kioskinntekter enn budsjettert, inntekter på treningsavgifter er større enn budsjettert, men samtidig hadde vi mindre inntekter enn forventa knytt til fotballskulen. Som følge av krav om 3-ar fotball for dei yngste vart det kjøpt inn fleire 3-ar bane i 2018 og rekneskapen viser derfor eit overforbruk på utstyrskostnader.

Ved avslutning av sesongen vart det arrangert Syrilfest i Villmarka. Utgifter til dette er ført på andre kostnader og eigenbetalinga er inntektsført på andre inntekter.

Treningsavgifter i 2018:

Senior herrar	kr. 3 000 (endra 2017)
Senior damer	kr. 1 650 (endra 2017)
Aldersbestemt	kr. 1 650 (ny 2015)
9-10 år	kr. 600 (nytt frå 2014)
Miniputt fotball	kr. 500 (ny 2015)

NB: Styret vil og i denne meldinga minne om vedtaket frå 2009 om at dei som ikkje har betalt treningsavgift ikkje skal få spele kampar. Vidare at det skal rettast ei purring til dei foreldra dette gjeld. Kjem ikkje slik innbetaling er tiltaket ingen kampdeltaking.

Tilsvarande vil vi og minne om medlemskap i Syril. Dette mellom anna for at forsikrings-ordninga er knytt opp mot gyldig medlemskap. Er ikkje medlemskapen i orden kan ikkje vedkomande spele kampar då laget har eit direkte ansvar for dekning av skader utanom forsikringsordninga.

Oppsummering av året og vidare framover

Fotballgruppa engasjerer mange born og unge, og det er eit stort apparat med frivillige som bidreg. Dette er viktig å ta vare på.

Det er stor skilnad på tal aktive fotballspelarar i dei ulike årskulla. Det gjer det er naudsynt med godt samarbeid mellom dei ulike årskulla/laga for at vi skal stille lag i alle klassar og for at alle skal få eit godt tilbod. Det viser og kor viktig det er å ta vare på og gi tillit til alle spelarane frå tidleg alder til og med ungdomsfotballen. Som i mange klubbar er fråfallet stort i ungdomsfotballen, og her bør klubben sjå om det er tiltak eller tilbod som kan få ungdommane til å delta lengre.

Det er mange dyktige trenarar/lagleiarar som stiller opp, vi ynskjer at enno fleire deltek på kurs trenar/leiarkurs.

Styret håper ein får til gode møteplassar i og mellom laga. Vi oppfordrar alle aldersbestemte lag til å gjennomføre møter med spelar- og foreldregruppa slik sportsplanen legg opp til. Fair play og sportsplan er tema som bør inngå.

Kunstgrasbana ved «stadion» saman med kunstgraset ved ungdomsskulen fungerer godt i samband med avviking av kampar. På sikt er det ynskjeleg å ha nok kapasitet til at også 5'ar kampene kan spelast på

stadionanlegget, slik at også dei yngste er i fotballmiljøet på bana. Frå 2019 vert 3'ar fotball speleforma for 6-7 åringane, Syril disponerer 4 stk. 3'ar baner.

Før grasbana kan takast i bruk for trening om våren er det til tider liten plass. Hovudstyret jobbar for å få realisert utbygging av nytt friidretsstadion i 2019. Dette inkluderar ny grasmatte. Etter oppgradering vil det kun verte plass til 9-ar bane. I tillegg er det planlagt ei mindre kunstgrasflate for 3'ar baner.

Sponsorinntektene kunne vore betre i 2018 og bør arbeidast meir med.

Styret vil minne lagleiarar, trenarar, spelarar, foreldre og andre tillitsvalde om å kome med forslag om korleis fotballgruppa kan verte ein betre organisasjon. Styret vil sterkt oppmoda alle om å bidra!

Styret takkar alle i SYRIL Fotball, utøvarar, dei med verv, dugnadsgjeng, kakebakarar, kioskvakter, heiagjeng m.v. for ein framifrå og stor innsats i 2018. Vidare ønskjer vi å takke næringslivet for aktiv deltaking – sponsorstøtte er uvurderleg. Sogn og Fjordane fotballkrins har vore gode støttespelarar og pådrivarar for gjennomføringa av sesongen.

Til slutt ein takk til Leikanger kommune for samarbeidet!

VEL MØTT TIL NYTT ÅR OG NY SESONG!

Leikanger 03. februar 2019

**Styret
SYRIL Fotball**

Fair Play 2018

Nytt for sesongen 2018, var ein eigen person i rolla som fair-play-ansvarleg i klubben. Det har blitt arbeidd med fair-play tidlegare i klubben, men ein dedikert person med ei rolleskildring, har det ikkje vore. Med utgangspunkt i fleire av naboklubbane, har følgjande skildring blitt laga:

Overordna:

Ansvar for å koordinere Fair Play tiltak i klubben og bruke Fair Play programmet som rettleiar

Ansvar for å klubben sin strategi på området

Oppgåver:

Følgje opp at Fair Play er med i sportsplan, handbok, heimesida og andre dokument der det er naturleg
Sørge for at rutinar for kampavvikling blir følgt med mellom anna Fair Play møtet før kamp
Informere om kampvert
Foreldrevettreglar - sørge for at desse blir delt ut til alle lag og er lett tilgjengeleg i klubben sine lokale og heimeside

Engasjere foreldre rundt laga til å ha fokus på Fair Play
Bestille Fair Play effektar
Sjå til at anlegget har Fair Play preg
Bistå ved Fair Play kveldar i klubben
Fair Play diplom
Fair Play kontrakt
Bistå lagleiarar og trenarar ved konkrete episodar
Motivere til å bli kretsen sin Månadens Fair Play klubb
Skal vere bindeledd mellom styret og laga
Skal ha kommunikasjon med krets og delta på møter i kretsregi

Kretsen sitt fair-play-kick-off før sesongen, måtte klubben sin miniputtansvarleg vere stand-in og tok med seg tilbake informasjon frå kretsen. Det har og blitt bestilt inn noko materiell og effektar som kan bli brukt i arbeidet med fair-play.

Fair-play er tema på foreldremøte før sesongstart, rolla som kampvert er gjort kjend og foreldrevettreglar sendt ut. Inntrykket er at i møtet med andre klubbar, så viser Syril sine lag gode haldningar og følgjer opp fair-play på ein god måte.

Vidare arbeid:

- Involvere foreldre endå meir i utviklinga av gode haldningar og fair-play. Ikkje berre informere om det i samband med foreldremøtet, men og arbeide med det. Kanskje spesielt inn mot eige lag og miljø?
- Gjere fair-play endå meir synleg på stadion.
- Melde inn kandidatar til månadens fair-play i regi av kretsen.

Kenneth Lomås

Fair-play ansvarleg

Dommarar

Syril hadde 3 erfarne rekruttdommarar, 4 klubbdommarar + Jarle Andersen og Jan Arild Rømmen når sesongen starta.

Rekruttdommarar: Gunvor Hamre Nornes, Amalie Dimmen Henjum og Adrian Husabø Thue

Klubbdommarar: Oline Kleiven, Per Bjørk, Synnøve Fosshagen og Sindre Husabø Thue

Syril arrangerte futsalturnering for 10-14 åringar i januar, der stilte desse dommarane; Gunvor Hamre Nornes, Amalie Dimmen Henjum, Adrian Husabø Thue, Oline Kleiven, Sindre Husabø Thue og Gøran Sælid Njøs. I tillegg var Jarle Andersen og Thor Kristian Sortevik med som assistanse for dommarane om dei trengde det.

I juni kom det 12 nye klubbdommarar: Pia Krosshaug, Ingrid Molvær, Ingeborg Knudsen Berg, Kristin Fredheim, Sarah G. Røysum, Kari Gjengedal, Anna G. Røysum, Vilde Sørum, Alexander S. Slinde, Simen Ylvisåker, Lukas C. Sjøthun, Sindre A. Navarsete.
Jarle Andersen leia klubbdommarkurset.

Desse starta dommarkarriera si på miniputtturneringa som Syril arrangerte i juni.

Marianne Husabø
-dommarkontakt-

Miniputt

I 2018 har miniputt stilt lag i følgjande klassar: J/G 6, J/G 7, J/G 8, J/G 9, J/G 10.

J10 og J9 samarbeida med felles treningar og dei stilte 2 felles lag i serie. I tillegg hadde G10 og G9 egne lag med i serie.

Det har vore mange personar i sving i miniputt fotballen i 2018 og det blir gjort ein veldig god jobb i dei ulike laga. Til saman var det i alle aldersklassar 119 spelarar som deltok på miniputt. I tillegg til spelarar var det totalt 39 personar som bidrog som trenarar og lagleiarar for dei ulike alderskulla.

Alle miniputtane starta opp med trening på kunstgrasbana ved ungdomsskulen. Etter at grasbana var klar til bruk i midten av mai, vart treningane flytta opp der. Det er ei utfordring å få kabalen til treningstidene til å gå opp før ein kan ta i bruk grasbana, men dette har stort sett gått greitt ved at dei ulike laga har tilpassa seg situasjonen i perioden før grasbana er klar.

Syril har vore i sone med Sogndal, Bjørn, Luster og Norane. Dette har fungert godt. Det har vore arrangert 4 Konglerike turneringar i år. Sogndal arrangerte to av dei, medan Bjørn og Syril arrangerte kvar si turnering.

Syril si turnering vart gjennomført den 10.juni. Om lag 450 spelarar deltok fordelt på 8 baner. Det var mange personar i sving for å gjennomføre turneringa og foreldra gjorde ein god jobb me dugnadsarbeid. Kiosksalet var godt og gav gode kroner i klubbkassa. Som tidlegare år så hadde vi unge dommarar frå klubben som gjorde ein veldig god jobb og bidrog til at dette vart ei god turnering for ungane. Arrangementet var vellukka og kretsen sin observatør gav oss veldig gode tilbakemeldingar på alle område.

Nokre lag har delteke på turneringar utanom miniputtturneringane.

Laga har hatt egne sesongavslutningar i sine grupper.

Jenter 9 og 10 (fødd 2009 og 2008)

Trenarar: Kenneth Lomås, Siv Jane Tufte Mardal og Linda Fossberg

Lagleiarar: Mari Buene og Anja Hamre

Desse spelarane har vore med:

Amalie Buene Halveg
Anna Felde Hasund
Anniken Sofie Nornes
Elinde Røen
Emilie Havnen Borlaug
Emilie Myren Sæterbø
Emily Fredheim Espe
Evy Fossberg

Frida Fykse Lomås
Hamida Ahmad Alsaid
Hanna Instefjord Brekken
Kine Mørch-Nilsen
Lilly Fossberg
Maja Rydningen Hamre
Malin Hagheim Barsnes
Mari Føleide Skinlo

Oline Skau Åset
Sandra Thorsnes
Sigrid Brudvik Sunde
Tirild Ramstad Os
Tuva Helset Mathisen
Vilde Pontoppidan Kviberg
Vilde Tufte Mardal

Jenter 9 og 10 har trena i lag, sidan jenter 10 var for få til å stille eige lag.

Me har hatt to treningar i veka, med litt varierende oppmøte.

Me har hatt to lag i J9/10 serien. Jentene har rullert på laga, slik at alle har spelt saman. På grunn av store målforskjellar i vårsesongen, vart serien differensiert på hausten utan at dette gjorde nokon særleg forskjell. Resultata har vore svært varierende, og me har både tapt og vunne stort.

Dei spelarane som ynskjer det, har hospitert opp.

På miniputtturneringar har me stilt med aldersdelte lag, og både J9 og J10 har delteke på alle 4 Kongleriket miniputt turneringane.

Utfordringar neste sesong: 2 av trenarane sluttar, samt å beholde dei spelarane som har vore med.



Lag: Jente 11 (fødd 2007)

Trenarar i år har vore: Rune Njøs og Frode Danielsen

Lagleiar har vore: Siri Beate England

Desse spelarane har vore med på laget i år;

- Anne England Husum
- Andrea Sælid Njøs
- Anniken Sofie Nornes (2008)
- Guro Instefjord Brekken
- Ingeborg Myklebust
- Ingrid Husum
- Jennifer Kjørlaus
- Kathlen Fossberg
- Lilly Fossberg (2009 hospitering)
- Sarah Danielsen
- Vilde Tufte Mardal (2009 hospitering)

Sportslege aktivitetar

Vi har i år hatt to treningar i veka. Søndagane trente 2006 jentene samtidigt, så vi kombinerte treninga saman med dei. Tysdagane hadde vi trening åleine. Treningane har vore gode! Vi slit å få enkelte på trening meir en ein dag i veka.

Jentene gjer det som vanleg svært bra, og låg i toppen. Sogndal hadde tre jamne lag, så hausten hamna vi kun med dei pga differensieringa i serien. Vi fekk meir motstand desse kampene.

Vi deltok på Voss cup, og gjorde det svært bra der! Trenarane reiste saman med jentene, og budde samla i eige hus.

Som vanleg avslutta vi sesongen på eat move sleep cupen i Sogndal i slutten av oktober. Her gjorde vi det bra, og jentene hadde ei kjekk avslutningshelg.

Vi hadde eit par veker fri, før vi startar opp med innandørs fotball ein dag i veka. Her har vi slått oss saman med 2006 jentene.

Vi har hatt jenter som har hospitert til 2006 jentene og 2007 gutane.

Sosiale aktivitetar

Vi skal ha ei avslutning / sosial samling saman med 2006 jentene i januar. Det var så mykje på hausten, og spesielt sidan vi fortsette med innandørs fotball.

Utfordringar for neste sesong

Vi har som signalisert før mangel på folk.

Vi har vel konkludert med i samråd med foreldregruppa at vi stiller eit sjuar lag i j12 serien neste sesong, dette for å halde på spelarane lengst muleg. Vi er kun åtte 2007 spelarar.

Oppsummering

Det har vore ein flott sesong, med mykje godt spel! Jentene har utvikla seg på sitt nivå!

Lag: Jente 12 (fødd 2006)

Trenarar: Steinar Henjum, Jan Rune Mardal, Siv Krosshaug

Lagleiar: Siv Jane Tufte Mardal/Siv Krosshaug

Desse spelarane har vore med på J12 laget i år:

Vi har vore 12 spelarar frå 2006-kullet heile sesongen. Då vi har trena saman med j11, har vi også opna for hospitering for desse. To har hospitert fast på kampene våre, medan andre har steppa inn ved behov. Dette har vore ein god ressurs for laget vårt!

Etternamn	Fornamn	Årskull	Kommentar
Henjum	Eline Dimmen	2006	
Mardal	Elise Tufte	2006	
Røen	Agate	2006	
Skjerdal	Liva Åsnes	2006	
Skogli	Katja	2006	
Sjøthun	Linnea Christensen	2006	

Linde	Vilde Strong	2006	
Slinde	Maria Saltnes	2006	
Kvam	Andrea Krosshaug	2006	
Mellingen	Ragnhild	2006	
Porat	Tuva Ylvisåker Von	2006	
Almansour	Shaima	2005	(disp)
Husum	Anne England	2007	(fast på laget frå sesongstart)
Njøs	Andrea Sælid	2007	(fast på laget frå 10.05)

Sportslege aktivitetar:

- Treningar:
 - 2 treningar per veke (1,5 time kvar onsdag og søndag).
 - 2 av keeperane har gjennomført keepertreningar gjennom tilbod frå Syril.
 - Nokre av jentene har fått tilbod om hospiteringstrening med j13/14 når det ikkje har krasja med eigne treningar/kampar.
 - Søndagstrening i hall (futsal) med j11 frå sesongslutt til oppstart av sesong 2019.
 - Enivest/sonetrening for dei som er tekne ut til dette.
- Kampar:
 - Seriekampar 9-ar (torsdagar) – klasse J12 år.
 - To av jentene har fått tilbod om å delta på kampar til j 13/14 (uttak for kvar kamp etter ynskje om hospitering/ferdigheit/innsats).
- Turneringar/cup:
 - Ikkje delteke på turnering i år.
- Andre sosiale trivselstiltak:
 - Fellesskap med frukt i pausane
 - Ikkje hatt tid til avslutning endå ettersom sesongen varte langt inn i handballsesongen, og det har vore enivest-samlingar for ein god del av dei. Vi tek sikte på å ha ei felles avslutning med j11 no i januar.

Resultat:

Resultat for serien i j12 vart delt inn i to avsluttande serierundar då Jotun kom inn med eit lag på haustsesongen. Resultata for fyrste halvdel vart tatt bort før vi fekk notert oss resultata. Vi låg i øvste del her, men gjorde ein betre innsats i andre runde der vi vart nr 2 (eitt poeng bak Sogndal).

Kretsaktivitet:

Syri har fått mange spelarar inn på kretsaktivitet i 2006-kullet. Maria Saltnes Slinde, Eline Dimmen Henjum, Elise Tufte Mardal, Agate Røen, Liva Åsnes Skjerdal, Andrea Sælid Njøs og Ingeborg U. Myklebust vart uttekne til Enivest fotballskule. 5 av desse gjekk vidare til sonelaget, 3 keeperar og to utespelarar.

Utfordringar for neste sesong:

- Lagspåmelding for 2017 i samarbeid med lag over og under oss. Finne ut kva som er best for klubben, men som samstundes ivaretek samhaldet i aldersgruppa.
- Få til gode ordningar med hospitering og utlån av spelarar mellom lag. Det bør vera god støtte frå styret på dette slik at alle føler seg ivaretekne.
- Differensieringstiltak på treningane – kunnskap og ressursar.
- Passe på at det er rom for hospiteringstilbod oppover (også syte for at spelarar som har spela fast på årskull over framleis får eit tilbod som samsvarar sitt nivå, der dei får høve til å utvikle ferdigheitene sine).
- Leggja til rette for ein god og motiverande treningskvardag for sonekeeperane våre (3 stk frå 2006 og 2007).

- Ikkje oppmoda kretsen til å forlenge sesongen då det gir utfordringar med banetilhøve og oppstart av handballsesongen.

Oppsummering av sesongen:

Dette har vore ein flott samarbeid mellom j11 og j12 denne sesongen. Vi har trena saman kvar søndag og nytta trenarar på tvers. Dette er positivt for både spelarar og vaksne. Vi har nytta spelarar som har vore klar og hatt ynskje om å hospitera oppover. Trenarar og lagleiarar har samarbeida godt og spelarane har hatt eit flott samhald på tvers av alderstrinn. Vi har hatt som mål å gi spelarane tilnærma lik speletid på kampane.

Det har vore liten høve til å hospitere opp til j13/14 i år då deira treningstid har vore på vår kampdag og vår eigen treningsdag. Dette bør ein sjå på ved oppsett av treningstid framover. Det er vanskeleg for jentene å hjelpe til på kamp om ein ikkje er samspelt med gruppa ein skal spela med.

Vi har organisert trening og kamp gjennom SPOND og facebook-gruppa. Dette er gode og informative samhandlingsverktøy som er tidssparande for alle partar.

Jentene har vist god innsats på både trening og kamp. Vi har hatt godt oppmøte og dei har vist gode haldningar ovanfor trenarar, medspelarar og motstandarar. Det verkar som om dei trivest. Treningstilhøve og kamptilhøve har vore bra. Deltaking på arrangementet «fotballsøndag» var både kjekt og stas. Flott at klubben fekk dette til også dette året!

Dommarane vi har hatt denne sesongen har vore flinke og møtt til avtalt tid.
Me gler oss til ein ny fotballsesong i 2019!

Lag: J-13-14, småjentelaget

Trenarar i år har vore: Svein Røysum og Geir Navarsete

Lagleiar har vore: Rita Hagen Molvær og Jorunn Felde

Desse spelarane har vore med på småjentelaget i år.

Anja Hickman, Anna Røysum, Ingeborg Knutsen Berg, Ingrid Molvær, Kari Gjengedal, Kristin Fredheim, Live Holen, Maria Almansour, Marte Linde Røyseth, Pia Krosshaug, Rebekka Felde Liljedal, Sarah Røysum, Vilde Sørum og Kristin Husum. Desse har spelt fast på laget. Elise Mardal, Agate Røen, Liva Skjerdal Åsne og Maria Slinde frå j-12 har også vore med på nokre kampar og treningar. Anne England Husum frå j-11 har vore med på ein av kampane.

Sportslege aktivitetar

- Treningar – småjentelaget har trent to dagar i veka måndag og onsdag. Tysdagar har det vore kamp. Gjennom sesongen har det vore godt oppmøte på treningane.
- Resultat / tabell for sesongen I vårsesongen vann småjentelaget alle kampane sine, og dei kvalifiserte seg for 1. divisjonsspel i haust. Også i denne serien klarte småjentene seg godt, og var til slutt nr 3 i denne serien.
- Cupar – J-14 deltok med eit lag på Norway Cup. Dei kvalifiserte seg for A-sluttspelet. Dei tapte 16-delsfinalen mot Nordhordaland BK.
- Kretsaktivitet – Det er fleire jenter som har vore inne på krinsaktivitetar. Pia Krosshaug har vore på j-14 krinslaget. I tillegg har Ingrid Molvær, Sara Røysum, Ingeborg Knutsen Berg og Pia Krosshaug vore på j-14 sitt sonelag for Sogn. Live Holen og Rebekka Felde Liljedal har vore på j-13 krinslaget og sonelaget for Sogn.

Utfordringar for neste sesong

Det er viktig at det vert lagt til rette slik at flest mogleg av jentene held fram med fotball også i 2019. I starten av 2019 vil det vere viktig med forventingsavklaring kring oppmøte på trening, speletid, hospitering, kampbelastning mm. For å få til betre hospiteringsordningar både mot jentelaget og jente-12 vil det vere viktig med betre tilrettelagde treningstider for 2019.

Oppsummering

Det har vore ein god sesong for småjentelaget.

Lag: Syril J15-17

Trenarar i år har vore: Tony Borlaug (hovudtrenar) og Tone Margrethe Oppedal (hjelpetrenar)

Lagleiar har vore: Christian Kleiven

Desse spelarane har vore med på jentelaget i år.

Ida Maria Bruheim Borlaug, Oline Flatabø Kleiven, Veronica Borlaug, Snit Ogbai Mehari, Runa Vangsnes, Vilde Oppedal Jacobsen, Synnøve Fosshagen, Kamilla Menes Hove, Dina Krosshaug, Gunvor Hamre Nornes, Sara Felde Liljedal, Nora Henjesand, Synne Gjerde, Silje Lunde Nesdal, Therese Foss Johannesen, Tina Therese Sælid Heggstad, Pia Krosshaug, Ingrid Molvær, Ingeborg Berg, Live Holen, Rebekka Felde Liljedal, Hanna Krosshaug og Dina Fossheim.

Sportslege aktivitetar

Treningane har vore gode, men prega av at det har vore få jenter. Ein del av jentene frå 2001-kullet har spelt med damelaget og har trent relativt lite med jentelaget denne sesongen. 2001-jentene har i snitt delteke på 7 treningar i år, medan 2002 jentene i snitt har delteke på 24 treningar og 2003-jentene i snitt har delteke på 20 treningar i snitt.

I vårsesongen stilte jentelaget i serien med 11-ar lag.

Her er resultata for vårsesongen:

1	Syril-Førde	0-3
2	Kaupanger-Syril	4-1
3	Syril-Bjørn	5-2
4	Sogndal-Syril	0-2
5	Førde-Syril	10-1
6	Syril-Kaupanger	1-4
7	Bjørn-Syril	1-2
8	Syril-Sogndal	1-9

Her er tabellen for vårsesongen:

	Lag	S	P
1	Kaupanger J 15/17	8	24
2	Førde J 15/17	8	18
3	Syril J 15/17	8	9
4	Sogndal J 15/17	8	6
5	Bjørn J 15/17	8	3

I haustsesongen stilte me i J7/9-ar serie til liks med dei aller fleste andre laga i Sogn. Tre av spelarane frå vårsesongen fekk nye utfordringar på høgre nivå og då var dette naturleg. Heldigvis har me fått låne småjentespelarar både på våren og hausten. Utan Pia, Ingrid, Ingeborg og dei andre småjentene me har lånt, ville det vore vanskeleg å stille med nok spelarar til ein del av kampane.

Her er resultatata for vårsesongen:

1	Syril-Bjørn	3-2
2	Jotun-Syril	6-4
3	Syril-Sogndal	1-0
4	Hafslo-Syril	6-0
5	Bjørn-Syril	0-2
6	Syril-Lørdal	2-4
7	Syril-Jotun	9-1
8	Lærdal-Syril	3-3
9	Sogndal-Syril	4-1
10	Syril-Hafslo	3-3

Her er tabellen for vårsesongen

	Lag	S	P
1	Lærdal J 15/17 9/7	10	26
2	Hafslo J 15/17 9/7	10	16
3	Sogndal J 15/17	10	15
4	Syril J 15/17	10	14
5	Jotun J 15/17 9/7	10	12
6	Bjørn J 15/17	10	4

Veronica Borlaug hadde ein flott haustsesong, som ein kan sjå på toppscorarlista her:



1. [Ragnhild Fossen Bolstad](#) - 28 mål
2. [Veronica Borlaug](#) - 15 mål
3. [Stina Hillestad](#) - 8 mål

Jentelaget var med på Norway-Cup, der me stilte med lag i 7-arklassen.

Her er resultatata i innleiande rundar:

Syril-Stegaberg 5-2

Syril-Ekholt 5-2

